

Fra: Snorre Waage <Snorre.Waage@hfk.no>
Sendt: 28. august 2014 15:16
Til: Postmottak Meland
Kopi: Anny Bastesen
Emne: Gjer merksam på brudd på reg.plan Løypetona, Meland kommune.

Hei,

Viser til samtale med Bjarte Buanes i dag.

Eg tek kontakt med Meland kommune for å informere om brudd på reguleringsplanane/føresegn for Løypetona, Meland kommune. Eg har snakka med utbyggar om dette (JM, v/ prosjektleiar), der mine bemerkningar ikkje blir teke seriøst.

Følgjande punkter inneber brudd/konflikt med planføresegn, men denne lista er ikkje uttømmende.

- § 2.1.4. "*Det skal sikras gangstiar gjennom feltet mellom friområde og fellesområde Fe1*". Desse områda (gangsti) er per i dag opparbeida på ei slik måte at dei ikkje er tilgjengelege (privatisert), og kan ikkje nyttast av fellesskapet. Dette vil hindre adkomst til fri/fellesareal.
- § 6.4.2. "*Fe1 er felles leike- og grøntområde for felt B1,B2,B3. Delar av området skal leggest til rette for leik. Furuskogen skal takast vare på tynning er tillate for å sikre tilgjenge til området og sol (...)*". Her er alle furutrær fjerna, samt den øvrige skogen. Det står nokre få bjørketrær att, men dette fungerer ikkje som grøntareal, hverken som fri/leikeareal eller som område som ivaretek naturmangfald. JM har uttalt at dei ikkje kjem til å tilretteleggje for leik i Fe1 (dei skal ikkje gjere noko meir der), og jamfør førre punkt har dei ikkje sikra tilgjenge gjennom gangstiar.
- § 4.1.2. For det vidare arbeidet med byggetrinn 2 og 3, anmodar me at § 4.1.2 vert fulgt opp og at det krevjas ein samla hogstplan for vegetasjonen som skal godkjennas av kommunen.
- §§ 1.7.1/1.7.2/1.7.3. Den opparbeide leikeplassen/fellesområdet tilhøyrande B1 er ikkje i henhold til § 1.7.1, og kan ikkje seiast å vere sikra mot trafikk (§ 1.7.2). Det er stedvis gjerne 20-40 cm frå sandkasse til bilregulert veg/oppkjørsel, så eg undrast om ikkje lokalisering/utnytingsgrad er rangert over krav til uteopphaldsareal (§ 1.7.3)
- § 2.1.3. "*(...) leggje den sørlege delen til rette som samlande fellesområde...*". Dette området er ikkje tilrettelagd som fellesområde. JM har uttalt at dei ikkje har planar om å gjere noko meir her.

Det er bekymringsverdig å sjå korleis utbyggar ikkje har respektert flerie av føresegna i reg.plan., og eg meiner derfor der er viktig å gje beskjed til kommunen som er ansvarleg. (Ikkje minst med tanke på at dei no berre er ferdig med eitt av i alt tre byggetrinn. Sjølv om irreversible inngrep er gjort i trinn ein, kan ein hindre potensielle brudd på reg.plan. i den vidare utbyggingsprosessen).

Denne henvendelsen er frå meg som privatperson og som eigar av Jakob 6 / Løypetona 41. Dersom det er ønskjeleg med eit møte/samtale, stiller eg gledeleg til dette.

Venleg helsing

Snorre Waage